



Frå Ljøbrekka. Foto: Svein Lunde.

Innhald

Bakgrunn	3
Formålet med ordninga.....	3
Korleis kan tilskotet nyttast?.....	3
Skilting og skjøtsel	3
Kunnskaps- og formidlingsarbeid	4
Verdiskapingstiltak.....	4
Korleis skal tredjepart søke støtte frå kommunen?.....	4
Krav til søknad	4
Vilkår for tilskotsordninga.....	5
Vilkår for utbetaling.....	5
Rekneskap.....	6
Rapportering.....	6
Bakgrunn for ordninga.....	6
Kort om historia til Postvegen	6
Ein bit av historia	6
Nasjonalt Postvegprosjekt	7

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune har frå 2023/2024 etablert ein ny tilskotsordning med direkte tilskot til Postvegkommunar. Ordninga erstattar tidlegare ordningar.

Desse retningslinjene skal ramme inn kva type tiltak ein kan nytte desse midlane til.

Føremålet med den nye ordninga er å korte ned på sakshandsamingstida, ved at den skjer så nær tiltaket som mogleg. Kommunen kan disponere midlane på eigne tiltak langs Postvegen, eller tildele dei til frivillige eller næringsliv, som ynskjer å arbeide med forvaltning eller verdiskaping rundt Postveien. Kommunane kan dermed påverke korleis midlane blir prioriterte, slik at dei kan setje preg på arbeidet og skape synergjar med anna relevant arbeid. Hausten 2023 fekk fire Postveg-kommunar førehandsutbetalt 200 000,- i tilskot, dei resterande fire (der i blant Stranda) fekk våren 2024 utbetalt 200 000,- .

Ordninga er ny, og på grunnlag av dei erfaringane vi gjer oss saman, så vil modellen bli vurdert også for tilskotsordningar innafor andre områder og målsetningar. Kommunane oppfordrast til å ha lav terskel for å ta kontakt med dei respektive rådgivarane ved kulturavdelinga hos fylkeskommunen.

Formålet med ordninga

- Å gjere Postvegen til eit synleg og levande kulturminne, samanhengande og farbar.
- Langsiktig vern av Postveien.
- Legge til rette for frivilligheit og formidling og skape trivsel, god helse og kjensle av å høyre saman.
- Næringsutvikling basert på kulturarv og -miljø.

Korleis kan tilskotet nyttast?

Kommunane kan disponere tilskotet på eigne tiltak langs Postveien, men midlane kan også lysast ut for andre aktørars dersom kommunen meiner det er tenleg. Midlane kan disponerast til:

- Frivillige lag, foreiningar og ideelle organisasjonar.
- Kompetansesenter, museum, organisasjonar, etablerte nettverk og andre aktørar med regionalt nedslagsfelt for bransjebygging innan reiseliv, kulturell- og kreativ næring.
- Etablerte næringsverksemder innan reiseliv, kulturell- og kreativ næring, gjerne i samarbeid med andre aktørar.

Skilting og skjøtsel

Ved skilting skal det skiltmalen som er utvikla for Postvegen nyttast. Denne har Møre og Romsdal fylkeskommunen, og kan sendast dersom ønskjeleg. Dette byggjer opp under Postvegen som varemerke, og gjer den langt meir oversiktleg for dei som skal nytte han.

Skjøtsel kan variere frå enkelt vedlikehald som består i å fjerne vegetasjon, reinske gjengrodde stikkrenner og legge utrasa stein tilbake. Dersom det er aktuelt med meir omfattande istandsetjing, og der vegen delvis må byggast opp igjen, så bør midlane nyttast til prosjektering.

Vegen skal ikkje gjevast ei oppbygning, ein utsjånad eller funksjon som han tidlegare ikkje har hatt. Det er eit viktig prinsipp at Postveien er eit fysisk kulturminne, og bruken av han skal ikkje øydelegge eller forringe kvaliteten på kulturminnet. Fylkeskommunen vil kunne gi rettleiing om korleis dette kan gjerast i dei ein skilde tilfella.

For å sikre god forvaltning av Postveien er det ønskeleg at den er omtala på ein god og relevant måte i kommunen sin kulturminneplan. I Kulturminneplanen for Stranda

(<https://www.stranda.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kulturminneplan/>)

er det gitt ein omtale i kap. 3.2.3, 3.3.3.2, 3.3.3.6 og 3.3.4.2.

Kunnskaps- og formidlingsarbeid

Postvegen kan brukast som kjelde og plattform til kunnskap om både lokal historie og noregshistorie. Formidlingstiltak kan skje både langs Postvegen eller i andre samanhengar.

All kunnskap og innhald som skapast med støtte frå tilskotet må vere ope for alle, slik at det får ein positiv effekt for lokalmiljøet.

Verdiskapingstiltak

Det er eit ønske at Postvegen skal vere ein ressurs i samfunnsutviklinga og bidra til verdiskaping. Med verdiskapingstiltak meiner vi tiltak som stimulerer til næringsutvikling og økonomisk verdiskaping basert på kulturarv. Dei skal medverke til at vegen blir teken vare på og til nye former for formidling av kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Det kan også søkast om støtte til pilotprosjekt eller forprosjekt for å utvikle nye løysingar eller tenester for formidling, distribusjon og sal av opplevingar basert på kulturarv.

Korleis skal tredjepart søke støtte frå kommunen?

Dersom kommunane sjølve ynskjer å bruke midlane trengs ingen søknad. Tiltaket må likevel vere innanfor formålet, og det må gå tydeleg fram i rapporten ved årsslutt.

Andre må søkje om midlar til kommunen.

Ved årsslutt rapporterer kommunen til fylkeskommunen korleis midlane er blitt brukte, eller korleis dei er planlagt brukte.

Krav til søknad

Ein søknad til kommunen skal innehalde følgjande:

- Skildring av tiltaket og korleis det oppfyller eit eller fleire av dei tre målsettingane i ordninga (sjå ovanfor)
- Framdriftsplan med start- og sluttdato for gjennomføring av tiltaket.
- Budsjett og finansieringsplan.

- Rapport med evaluering når tiltaket er fullført.

Vilkår for tilskotsordninga

- Tiltak som har eller kan få anna finansiering i tillegg til denne ordninga bør prioriterast, spesielt frivillig arbeid. Lønna arbeid kan leggest inn som eigenandel med faktisk kostnad. Frivillig arbeid kan leggest inn som ein del av finansieringa med ein timesats på 350 kroner.
- Tiltak som omfattar kulturminne/kulturmiljø skal ikkje startast opp utan å vere avklart med kommunen. Dette er for å sikre at tiltaka blir gjennomførte på ein fagleg forsvarleg måte. Fylkeskommunen oppmodar kommunen til å ha låg terskel for å rådføre seg med seksjon for kulturarv i fylkeskommunen for vurdering av tiltaka.
- For istandsetting og vedlikehald kan tilskotet berre dekke materialkostnader og betalt arbeid til enkle tiltak. Døme på dette er tilrettelegging eller istandsetting, klopping, dekking med duk, legging av grus, skilting og liknande. Kostnadar til innkjøp av verktøy og driftsmateriell blir ikkje dekt.
- På informasjonstavler skal alltid logo for Møre og Romsdal fylkeskommune vere med. Ved skilting skal ein ta omsyn til «Skiltmal for Møre og Romsdal fylkeskommune» og «Skiltmanual 2019». Denne finn du på [Merkehandboka](#)
- Søkar må avklare med kommunen om tiltaket krev handsaming etter plan- og bygningsloven og anna relevant lovverk.
- Kommunane tek ansvar for etablering av samskappingsgrupper i eigen jf. Modell for lokal samskaping i prosjektplan for Nasjonalt postveiprosjekt (sjå t.d. <https://postvei.no/artikler/samskaping-av-postveien> . Kommunane står fritt til å organisere dette med partane dei ønskjer og arrangere møte etter behov/ønskje. Fylkeskommunen oppmodar kommunane til å bruke fylkeskommunen og nasjonalt postvegprosjekt som støtte i etablering av nettverka (sjå vedlegg).
- Det kan ikkje søkast om støtte til tiltak som allereie er sette i verk.
- Ordninga skal ikkje gå til å betale eiga løn.

Vilkår for utbetaling

- Fylkeskommunen kan gjennomføre kontroll for å sjå om at vilkåra for tilskotet etter ordninga er oppfylte. Får søkjar spørsmål om det, har vedkomande plikt til å legge fram alle opplysningar som er naudsynte for at fylkeskommunen kan gjennomføre ein slik kontroll. Dette er heimla i bevilgningsreglementet § 10. (<https://www.regjeringen.no/no/tema/okonomi-og-budsjett/statlig-okonomistyring/bevilgningsreglementet/id439274/>)
-
- Fylkeskommunen kan krevje tilskot tilbakebetalt dersom villkåra ikkje er oppfylte.
- Tildeling av tilskot gjeld for det som er oppgitt i søknaden og i vilkåra i tildelingsbrevet. Dersom tiltak i søknaden blir endra utan godkjenning, kan fylkeskommunen trekke tildelinga attende.
- Dersom søkjar gir ufullstendig eller feilaktige opplysningar i søknaden, og dette fører til at tilskotet blir utbetalt på feil grunnlag eller det vert betalt ut for mykje, kan tilskotet heilt eller delvis bli kravd tilbake.

- Dersom fylkeskommunen utbetaler feil beløp, skal det som er for mykje utbetalt betalast tilbake.
- Dersom søker ikkje oppfyller vilkår og rapporteringskrav blir tilskotet automatisk trekt tilbake etter 3 år, utan varsel.
- Det skal sendast inn rapport og rekneskap for bruk av tilskotet seinast tre månader etter at tiltaket er gjennomført (sjå eigne avsnitt nedanfor).
- Kommunen må signere på at retningslinjene er forstått og akseptert. Deretter skal det peikast ut ein person som skal vere ansvarleg for ordninga. Personen skal vere tilsett i kommunen, og kan ikkje vere ein tredjepart.

Rekneskap

- Det er krav om føring og revisjon av rekneskap for tiltaket. For tildelingar under 200 000 kroner skal sluttrekneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore delaktig i føringa av rekneskapen.
- For tildelingar på 200 000 kroner eller meir er det krav om autorisert revisor. Unnateke frå dette kravet er verksemder som bruker kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan.

Rapportering

Fylkeskommunen ønsker å få dokumentert erfaringane med denne tilskotsordninga undervegs. Kommunane skal difor sende inn ein rapport med ei evaluering av tiltaket ved utgangen av 2024.

Rapporten skal innehalde:

- Kor mange tiltak/tiltakshavarar har det vore gjennom året?
- Har tilskotet medverka til auka aktivitet blant frivillige, verksemder som mottek statleg støtte og privat næringsliv?
- Korleis har kommunen opplevd å forvalte ordninga?
- Ønskjer kommunen at ordninga blir vidareført, og kva for eventuelle endringar bør vurderast?

Bakgrunn for ordninga

Kort om historia til Postvegen

“Den Trondhjemske Postvei” er eit gammalt namn på vegen som gjekk mellom Bergen og Trondheim, og som tidleg på 1700-talet vart teken i bruk for å frakte post då staten overtok ansvaret for postvesenet.

Postvegen gjekk parallelt med kysten frå Bergen over land til Sognefjorden. I Møre og Romsdal går den frå Hornindal og opp til Surnadal. Den snodde seg over innmark, myr og fjell, og hadde båtsamband over fjordane. Den opphavelige postvegen gjennom Møre og Romsdal er bevart fleire stader på ruta, men mykje av vegen følgjer nye trasear som ligg under asfalt.

Ein bit av historia

Postvegen inngår også som tema/delprosjekt / programmet «Ein bit av historia», der fylkeskommunen arbeider med å gjere historiske vegar i Møre og Romsdal betre kjende og meir brukte.

Satsinga skal halde fram mot Noreg sitt tusenårsjubileum i 2030 og omhandlar kulturarv, folkehelse, stads- og næringsutvikling.

Den Trondhjemske Postvei blir framheva i programmet på grunn av si historiske rolle, og fordi den i dag kan spele ei rolle i berekraftig reiseliv. Den kan brukast i lokal historieformidling, styrke kjennskap og tilknytning til lokalsamfunn, og bygge opp under folkehelseiltak.

Nasjonalt Postvegprosjekt

Den Trondhjemske Postvei er også med i "Nasjonalt postvegprosjekt - Den Trondhjemske Postvei 2023-2026" eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen ved Norsk vegmuseum. Prosjektet er finansiert av dei samarbeidande organisasjonane og mottek i 2023 tilskot frå Riksantikvaren

Gjennom prosjektet skal ein løfte og utvikle postvegen som nasjonalt og internasjonalt kulturminne og kulturmiljø. Dette skal ein gjere gjennom å legge til rette for auka bruk, nærings- og lokalsamfunnsutvikling og gjennom å "skape merksemd og interesse for postvegen.

Hovudmålet til prosjektet er å etablere postvegen som ei satsing på lokalsamfunn. Det vil seie at det er lagt vekt på å oppnå samskaping mellom aktørane som har ansvar for Postvegen. Dialog og samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og på tvers av ansvars- og interessefelt er difor høgt prioritert. I prosjektet er nettopp kommunane identifisert som eit nøkkelressurs for å kunne oppnå dette.